

Til
Elevar på VG2 RM og deira føresette

Vår ref: Jessie Strand Fagervoll

Vår dato: 09.07.19

Velkomen til skoleåret 2019 - 2020 og til vidaregåande opplæring!

Det er ei stor glede å få ønskje deg velkomen til eit nytt skoleår og til vidaregåande opplæring på Borgund vidaregåande skole. Vi vil legge til rette for at du skal få eit godt skoleår!

Oppmøte:

Skoleåret startar måndag den 19.august kl 1200. Oppmøte i Borgundhallen. Sjå s. 6 i [Elevhandboka](#)
->lenke høgre marg.

Elevhandboka inneheld mykje viktig informasjon som du og foreldra dine må lese. Der finn du bl.a. skolen sitt ordensreglement, kriterium for vurdering/karaktersetting og mange praktiske opplysningar. Elevhandboka blir også delt ut ved skolestart.

Læremiddel- og utstyrslistene finn du [her](#)

Merk deg at bærbar PC må vere klar til skolestart.

På Restaurant og matfag har elevrådet bestemt at ein skal ha felles ordning med leige og vask av kokkeuniformer for alle. Firmaet som leverer kokkeuniformene, vil vere på skolen for å ta mål ein av dei første skoledagane for dei elevane som er nye. Prisen på leige og vask av kokkeuniformene, vil vere ca 3000 kr pr år. NB: Hugs å søkje utstyrsstipend frå [Statens lånekasse!](#) Når det gjeld uniform og utstyr for dei andre fordjupingsområda, vil du få informasjon ved skolestart. Det du må ha på plass første skoledag, er kokkesko – dei skal vere sklisikre, kvite eller svarte "tresko" med kunstsåle og tett tå.

Råvarer som går med til privat bruk og til mat de sjølve et, vert fakturert i november og april.

Har du rett på skoleskyss? Sjå og søk her:

<http://mrfylke.no/Tenestemraade/Utdanning/Elev/Skoleskyss>.

Borgund vgs utdannar stolte fagfolk!

Velkomen til fagutdanning for framtida!

Med vennleg helsing
Jessie Strand Fagervoll
rektor
sign